

## Felles programstyre for lektorutdanninga

### Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

#### Møte 7. desember 2023

Tidspunkt: 7. desember, 2023, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Studieavdelingen, Langes gate 1-3

#### Til stades frå programstyret:

Endre Brunstad (leiar), Liv Eide (PF-PPU), Katharina Sass (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Myriam Coco (HF-IF), Helga Mannsåker (HF-nordisk), Jorun Nyléhn (MN), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Katrine Aske og Karine H. Børstad (studentrepresentantar frå FIL)

#### Til stades frå lektorsenteret:

Hilde Selbervik (fagleg praksiskoordinator, observatør), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

**Meldt forfall:** Lars Petter Storm Torjussen (PF-5LU), Monica Håkonsli (VLFK), Steinar Sætre (KMD) og Thashany Pratheepan (studentrepresentantar frå FIL).

#### Forslag til dagsorden:

##### I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend. Programstyreleiaren kommenterte at saksdokument om emneplanar for praksis vart blitt ettersendt noko seint.

##### II Godkjenning av protokoll frå møtet 13.november

Protokollen er ikkje sendt ut enno.

#### Saker til eventuelt:

Ingen

#### Vedtaksaker

##### Sak 62/23 Emneplanar for praksis i ny modell

Det blir presisert at kampuspraksisdagane skal vere praksisdagar og ikkje organiserast som forelesingar.

Lektorsenteret føreslår å stille utviklingsmidlar til disposisjon til utvikling av kampuspraksisdagar gjennom såkornmidlar.

Lektorsenteret vil følgje opp merknadane, både redaksjonelt, og i dialog med dei aktuelle fagmiljøa.

#### **Vedtak**

Felles programstyre vedtok revidert framlegg til vedtak, med dei merknadene som kom fram i møtet:

- a) Emneplanar for langpraksis 1 og 2.

**Merknader:**

- Spørsmål om formuleringar knytt til avsnitt om praksisvurdering under deloverskrift om undervegsvurdering.
- Språkvask.

b) Fordeling av kampuspraksisdagar i studieløpet.

**Merknad:**

- Flytte KP 9 og 10 frå 9. semester til 10. semester.

c) Emneplanar for kampuspraksisdagar.

**Merknader:**

- Eventuelt justere tittel på KP 1 *Mobbing*.
- KP 2: Lektorsenteret går i dialog med IF og LLE om denne dagen når det gjeld innhald, form og ansvar. Eventuelt justert versjon blir send til felles programstyre på sirkulasjon.
- Det må lagast eigne emneplanar for KP 5 og KP 8 for MN.
- Det må gjerast fortløpande evalueringar av KP-dagane

d) Fordeling av fagleg ansvar for kampuspraksisdagar.

Merknader:

- Lektorsenteret følgjer opp dei ressursmessige sidene ved kampuspraksisdagane

**Sak 63/23 Høyring av forslag til endringar i reglane om kven som kan tilsettast i lærarstilling og forslag om å tydeleggjera reglane og fagleg ansvar for opplæringa**

Innspel som kom fram i møtet:

Det kan vere verdt å kommentere at fagdidaktisk kompetanse aldri blir nemnd i framlegg til endringar, som berre omtalar pedagogisk kompetanse, og som omtalar lærarutdanning som "pedagogisk utdanning".

**Vedtak**

Programstyret støttar framlegg til endringar i reglane for kven som kan tilsetjast i lærarstilling. Programstyreleiaren får fullmakt til å formulere eit høyringsinnspel i samsvar med dei innspela som kjem fram på møtet.

*Orienteringssaker***Sak 64/23 Lærernes dag 2024**

Eit foreløpig program for dagen er nyleg publisert på [UiB sine nettsider](#).

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 65/23 Nasjonal lektorutdanningskonferanse 16.-17.november**

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 66/23      Nasjonal lektorutdanningskonferanse 2025**

Den skal arrangerast av UiB.

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 67/23      Nytt frå praksisutvalet**

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 68/23      Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2024**

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 69/23      NOU 2023:27 Et nytt system for kvalitetsutvikling – for elevenes læring og trivsel**

Høyringa handlar om system for kvalitetsutvikling i skulen. Prosess for intern høyring ved UiB vil snart kome på plass. Svarfrist frå UiB sentralt er 20. februar.

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 7023      Utgreiing frå ekspertgruppe om nasjonal styring av lærarutdanningane**

Utgreiinga vart sendt frå ekspertgruppa til Kunnskapsdepartementet 1. desember. Departementet har enno ikkje publisert utgreiinga.

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 72/23      Organisering av kortpraksis i ny modell**

Felles programstyre tek saka til orientering. Programstyret vil handtere spørsmålet om plassering av kortpraksisdagar på møtet i januar. Det er behov for å sjå plassering av dagar i samanheng med heilskapen i lektorutdanninga før ein gjer eit vedtak.